

ÅRSMELDING 2011

BRUKARUTVALET I HELSE BERGEN

Samansetjing av utvalet

Faste medlemmar

Jorunn M. Bakke, leiar	FFO,
Anne-Berit Kolås, nestleiar	SAFO,
Geir Ove Søreide	FFO
Mona Fosse	FFO
Inge Johs Reigstad	FFO
Helen Aareskjold	FFO
Ida Carlsen Eide	SAFO
Olga Johannessen	Fylkeseldrerådet

Vara medlemmar

Line Orvedal	FFO
Elin Arnesen	FFO
Bjørn Greve	FFO
Hjørdis Dahle	SAFO
Birgitte Hjertås	SAFO
Willy Gustafson	Fylkeseldrerådet

FFO: Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon

SAFO: Samarbeidsforum av funksjonshemmedes organisasjoner

Frå administrasjonen

Anne Sissel Faugstad, viseadministrerende direktør,
Administrativt ansvarleg for utvalet

Magne Høgelid, Rådgjevar, seksjon for helsetenesteutvikling/
Sekretariat for utvalet

Oppgåver og aktivitetar

Brukarutvalet har halde 8 møter og har handsama i alt 72 saker i 2011. Dei fleste møta er haldne på LMS (Lærings-og mestringssenteret), men eit møte vart også halde på LMS, Voss sjukehus 02.05.11, og eit på Pasienthotellet.

Det har også i 2011 vore stor aktivitet i Brukarutvalet. Spesielt har leiar hatt eit omfattande arbeid. Saman med nestleiar har leiar på eiga hand medverka til avklaring av medverknad og medverka i svært mange einskildsaker, til dømes ulike prosjekt.

Det er utarbeidd prosjektoversikt som følgjer årsmelding og som viser aktuelle prosjekt med brukarmedverknad pr. desember 2011.

Det har i 2011 spesielt vert arbeidd med.

- ❖ **Styringsdokument.** Som eit utgangspunkt for si verksemd er utvalet svært opptekne av fokusområde i styringsdokumentet frå Helse Vest, og det som vert sagt om brukarmedverknad og pasient/pårørande.
- ❖ **Felles grunnlagsdokument.** Brukarutvalet har delteke i arbeidsgruppa som har utarbeidd felles grunnlagsdokument. I dokumentet har ein som første hovudprinsipp at ein skal setta

brukarperspektiv i sentrum i arbeidet med vidare utvikling av helsetenesta. I dette ligg det mellom anna at:

- helsetilbodet som befolkninga får om fire år skal vera likeverdig eller betre enn i dag, jfr. samhandlingsreforma.
 - helsetilbodet skal gis på beste effektive omsorgsnivå. Ein må samstundes kunne ivareta kravet til kvalitet ovanfor.
 - det må vera tydeleg informasjon til og dialog med innbyggjarane for å kunne visa at endringar gir minst like gode helsetenester som før.
 - det skal leggjast til rette for god brukarmedverknad, hensiktsmessig innverknad over eige behandlingsforløp og for ei prinsipiell likestilling av brukarkunnskap med fagkunnskap.
- ❖ **Samhandlingsreforma.** Brukarutvalet har delteke aktivt i operasjonaliseringa av reforma gjennom deltaking i arbeid med nytt avtaleverk for inn og utskriving, utgreiingar om observasjonssenger og lokalmedisinske tenester i kommunane. Deltaking i arbeidet med samhandlingsreforma vil også vera ei omfattande og prioritert oppgåve for Brukarutvalet i 2012.
- ❖ **Strategi for Helsefremmande arbeid og førebygging.** Brukarane er samd i intensjonane i samhandlingsreforma om å vri innsatsen mot helsefremming og førebygging og har delteke i arbeid med utarbeiding av slik plan i Helse Bergen.
- ❖ **Strategiplanen i Helse Bergen.** Brukarane har delteke aktivt i arbeidet med utarbeiding av ny plan som også har eit hovudfokus på samhandling med kommunane og andre eksterne aktørar.
- ❖ **Psykisk helse.** Også i 2011 har Brukarutvalet hatt fokus på psykisk helsevern og har delteke i eit stort tal einskildprosjekt.
- ❖ **Lærings- og meistringsarbeid** er viktig for brukarane. Brukarutvalet ønskjer å kunne medverke til vidare utvikling av dette tilbodet i Helse Bergen og i samarbeid med kommunane. Brukarutvalet opplever å bli halden utanfor i dette arbeidet der brukarkunnskapen skal vera likeverdig med helsefagkunnskapen. Brukarutvalet ønskjer at lærings- og meistringsarbeidet skal systematiserast og vera oversiktleg slik at brukarane lett skal kunne få oversikt over og tilgang til relevante tilbod. Det bør vera slik at kommunane og sjukehusa samarbeider slik at hjelpsame tilbod blir gitt til alle aktuelle pasientgrupper i vårt geografiske område.

Status for Brukarmedverknad i Helse Bergen

Brukarutvalet er framleis tilfreds med korleis Helse Bergen si leiing handterer brukarmedverknad. Sjølv om det innan einskilde fagområde er mindre fokus på systematisk brukarmedverknad, er utviklinga i det store og heile positiv. Sjukehusleiinga har prioritert å halde Brukarutvalet orientert om sentrale aktuelle saker i Helse Bergen og slik gitt brukarane eit godt fundament for sin medverknad.

Utfordringar -

Leiar hadde ved inngangen til året eit ynskje om at ein i 2011 skulle ha meir rom for drøftingar i utvalet av spørsmål brukarane er opptekne av og som vert følgd opp med tilrådingar.

Det var også eit ynskje om og eit behov for å arbeide med forankring mot pasientorganisasjonane. Det er behov for ytterlegare opplæring i brukarmedverknad. Alle som representerer brukarane bør ha gjennomført brukarkurs og skal utnemnast av Brukarutvalet.

Det har også i 2011 vore slik at ein både i Helse Bergen og hjå brukarorganisasjonar ved fleire høve ikkje har greidd å skilje mellom kvardagskompetanse og brukarmedverknad.

Brukarutvalet har utarbeidd retningslinjer for brukarmedverknad som framleis står fast. I desse står det at all oppnemning av brukarmedverkarar skal skje gjennom Brukarutvalet. Det er Brukarutvalet som avgjer kva type representasjon som trengs og som held kontakt med paraplyorganisasjonar eller einskildorganisasjonar for å skaffe rette person.

Brukarutvalet har forsøkt å følgje opp desse utfordringane. Det har vore eit problem at det er vanskeleg å få innmeldt kvalifiserte brukarmedverkarar frå interesseorganisasjonane. Dette må det arbeidast vidare med i 2012.

Kurs og seminarer

Medlemmer har halde innlegg på

- Strategiplanmøte (Helen Aareskjold),
- Tvang i psykisk helsevern samhandlingsutfordringar. Arbeidsseminar på Voss: Jorunn M Bakke

Følgjande har deltek på eksterne kurs/seminar i 2011:

- RKBU (regionalt kompetansesenter for barn og unge): høstkonferansen: Jorunn M Bakke

Rekneskap

Brukarutvalet har ikkje hatt eige budsjett, men budsjetttrammme fastsatt av foretaksleiinga. Nødvendige kostnader blir belasta Foretaksleiinga.

Kostnader:	2010	2011(nov)
Kurs, seminar og kongressar	10 000	
Møtegodtgjersle	133 000	122 000
Køyregodtgjersle	9 000	14 000
Reisegodtgjersle	7 000	
Totalt	159 000	137 000

Det vart i sak for føretaksleiinga rekna med eit forbruk på om lag kr 162 000 kr i 2010

Det vart frå august 2009 innført honorering av brukarrepresentasjon utover deltaking i Brukarutvalet i Helse Bergen noko som om lag dobla kostnadane ved brukarmedverknad. Det er grunn til å tru at endeleg forbruk i 2011 vil ligga på nivå med forbruket i 2010 då planlagt møtefrekvens og aktivitet er stabil.

Bergen 05.12.2011

Jorunn M. Bakke, Leiar av brukarutvalet i Helse Bergen

Anne-Berit Kolås, nestleiar

Geir Ove Søreide

Mona Fosse

Inge Johs Reigstad

Helen Aareskjold

Ida Carlsen Eide

Olga Johannessen

Vedlegg: Prosjektoversikt pr. 31.12.2011

